

DEN HEILAGE MESSA

MESSEORDNING FOR SKG

etter høyringsrunde 1998 og vegleiarkollegiets gjennomarbeiding 1998 og 1999.

INNLEIING

1. Inntog med salme

2. Inngangsord

P: + I namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage Ande.

K: Amen.

Eventuelt inngangsord.

3. Syndsvedkjønning

P: Lat oss bøya oss for Gud og sanna syndene våre.

A: Heilage Gud, himmelske Fader.

Sjå i nåde til meg arme, syndige menneske,
som har såra deg med tankar, ord og gjerningar
og kjenner den vonde hug i hjarta mitt.

For Jesu Kristi skuld, ha tol med meg.

Tilgjev meg alle mine synder, og gjev at eg må ottast og elska einaste deg.
Amen.

4. Kyrie *Alternativt kan syngast eit kyrie-litani.*

Eller:

K: Kyrie eleison. Gud Fader, miskunna oss.
Kriste eleison. Herre Krist, miskunna oss.
Kyrie eleison. Heilag Ande, miskunna oss.

F: Kyrie eleison.
K: Kyrie eleison

F: Kriste eleison.
K: Kriste eleison.

F: Kyrie eleison
K: Kyrie eleison.

5. Gloria *Fell bort i advents- og fastetida.*

P: Ære vere Gud i det høgste,

K: Og fred på jorda hjå menneske som Gud har hugnad i.

Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg,

Vi hyllar deg for din store herlegdom,

Herre Gud, himmelske konge, allmektige Fader.

Herre, Guds einborne Son, Jesus Kristus,

Guds lam som ber all verdsens synder,

miskunna deg over oss,

du som sit ved Faderens høgre hand, høyr vår bøn.

For einast du er heilag, einast du er Herre, einast du er Den Høgste,

Jesus Kristus med Den Heilage Ande, i Faderens herlegdom.

Amen.

Eller i annan form.

ORDETS LITURGI

6. Helsing

P: Herren vere med dykk.

K: Og med di ånd.

7. Kollektbøn

P: Lat oss alle be. *Dagens kollektbøn.*

K: Amen.

8. Gammeltestamentleg lektie

..... Slik lyder Herrens ord.

K: Gud vere lova.

9. Graduale *(eller salme)*

10. Epistel

... Slik lyder Herrens ord.

K: Gud vere lova.

11. Halleluja/Tractus *(evt. salme)*

12. Evangelielesing og preike

(Evt: D: Herre velsign meg.

P: Herren vere i ditt hjarte og på dine lepper,
så du verdig og rett kan forkynne hans evangelium:

I namnet åt Faderen og Sonen + og Den Heilage Ande.

D: Amen.)

D/P: Herren vere med dykk.

K: Og med di ånd.

D/P: Dette heilage evangeliet står skrive hjå evangelisten

K: Ære vere deg, Herre.

Etter lesinga:

D/P: Slik lyder det heilage evangeliet.

K: Lova vere du, Kriste.

13. Trusvedkjenninga *Kan syngast/lesast utan filioque.*

14. Kyrkjebøn *Alternativt kan syngast eit litani.*

- P:** Lat oss be for kyrkja og verda og takke Gud for hans gode gåver.
- D:** Vi takkar deg fordi du i din store nåde
har gitt oss å høyre heime i di kyrkje på jorda.
Gud, vi er ringare enn all den miskunn og truskap som du har vist imot oss.
Vi har synda mot deg og vore ulydige mot dine bod,
og har ikkje æra ditt namn i verda som vi skulle,
men vi bed deg for vår Herre Jesu Kristi skuld:
Forlat oss alle syndene våre, reins oss frå all urettferd
og gi oss din Heilage Ande, så vi kan ferdast i heilagdom for di åsyn,
og strekkja oss etter det som er framanfor.
Gud, vi bed deg,
- K:** Herre, høyr vår bøn.
- D:** Sjå, o Gud, i nåde til di kristne kyrkje,
gjer henne sameint og sterk, vara henne i sanninga.
Vekk opp dei sovande, og før dei bortspreidde heim att.
Gud, vi bed deg,
- K:** Herre, høyr vår bøn.
- D:** Driv arbeidsfolk ut i di haustvinne
og sanko inn fullnaden av hedningane og Israels rest.
Ver deira styrke som lid trengsel for Jesu namn skyld.
Gjer vel mot dei som gjer vondt mot oss.
Gud, vi bed deg,
- K:** Herre, høyr vår bøn.
- D:** Vi bed deg for alle land og folk:
Lat di velsigning koma rikeleg over grøda på marka,
over all ærleg næring, over alt gjævt åndsarbeid.
Gud, vi bed deg,
- K:** Herre, høyr vår bøn.
- D:** Hald oppe med di allmechtige hand all styresmakt
og gjer henne til velsigning for folka.
Mett alle fattige og hungrige med dagleg brød, og gled alle glade gjevarar.
Gi fred på jorda og fred i hjerto.
Gud, vi bed deg,
- K:** Herre, høyr vår bøn.
- D:** Bu, o Gud, i alle heimar med din kjærleik og fred.
Velsign ekteskapet og lat det vera heilagt hjå oss.
Ver deira støtte som står åleine. Verja alle foreldreause,
og lei ungdomen på dine vegar.
Gud, vi bed deg,
- K:** Herre, høyr vår bøn.

- D:** Hald di verjande hand over barnet i mors liv.
Gi sjuke og sorgfulle lindring og trøyst,
ver nær hjå dei som strir med døden.
Herre, miskunna alle menneske.
Gud, vi bed deg,
- K:** Herre, høyr vår bøn.
- P:** Vi lovar og prisar ditt hellige navn, og takkar deg
for kvar ein kristen som i tro på deg og otte for deg
har gått bort frå dette livet og no er heime hjå deg.
Vi bed deg audmjukt: Gi oss med dei å leva i Herren og døy i Herren,
så vi og med dei kan nå fram til livsens oppstode.
Det ber vi deg om vår Gud og Fader,
ved Jesus Kristus vår Herre.
- K:** Amen.

NATTVERDFEIRINGA

15. Fredshelsing

P: *innleier med t.d. flg. ord:*

Kristus er vår fred; han som døydde på krossen
og der gjorde ende på fiendskapen.

- P:** Herrens fred vere med dykk alltid.
K: Og med di ånd.
P: Hels kvarandre med fredens teikn.

16. Offertorium

Anten:

P: Velsigna vere du, Herre,
all skapnings Gud. Av din rikdom
har vi motteke det brødet vi ber
fram for deg, ei frukt av jorda og av
menneska sitt arbeid, som for oss
vert livsens brød.

K: Velsigna vere Gud i all æve.

P: Velsigna vere du, Herre,
all skapnings Gud. Av din rikdom
har vi motteke den vinen vi ber
fram for deg, ei frukt av vintreet og
av menneska sitt arbeid,
som for oss vert frelseskalken.

K: Velsigna vere Gud i all æve.

P: Kom Heilag Ande og velsigne
disse gåvene + som vi har gjort
istand på dette heilage alteret.

K: Amen. Ja, kom du Heilage Ande.

P *mot menigheten:*

Brør og systre, lat oss be
om at Gud, den allmechtige,
må sjå i nåde til oss og gåvene våre.

mot alteret:

Herre Gud, himmelske Fader,
Di er jorda og det som fyller henne.
Av ditt eige gjev vi deg attende.
Ta imot oss og gåvene våre for Jesu
Kristi skuld.

K: Amen.

Eller:

P: Herre Gud, himmelske Far,
di er jord og det som fyller henne.
Av ditt eige gir vi deg attende.
Ta imot oss og gåvene våre
for Jesu Kristi skuld.

K: Amen.

Eller:

P: Verdig er du, vår Herre og Gud,
til å få all pris og ære og makt; for
du har skapt alle ting, og fordi du
ville, var dei til og vart dei skapte.

K: Amen.

Eller:

P: Alle vender augo sine til deg, Herre,
og du gir dei deira føde i rette tid.
Du opnar di hand og mettar alt
levande med hugnad.
Herre Gud, Himmelske Fader,
signe oss og desse gåvene dine,
som vi tek imot av di milde hand.
Ved Jesus Kristus, vår Herre.

K: Amen

17. Prefasjon

P: Herren vere med dykk.

K: Og med di ånd.

P: Lyft dykkar hjarto.

K: Vi lyfter våre hjerto til Herren.

P: La oss takka Herren vår Gud.

K: Det er verdig og rett.

P: I sanning, verdig og rett er det, vår skyldnad og vår frelse,
at vi alltid og alle stader takkar deg,
heilage Herre, allmektige Far, evige Gud,
ved Jesus Kristus, vår Herre,

Variabelt ledd

Kyrkjeårsuavhengig:

- han som elsker oss og har fridd oss fra syndene våre med sitt blod,
og gjort oss til eit kongerike, til prestar for Gud sin Far.

- han er det levende brødet som kjem ned frå himmelen og gjev verda liv,
så den som kjem til han aldri skal svelta, og den som trur på han aldri skal tyrsta.

Advent:

- han som for vår skuld vart menneske, for at vi ved han skulle bli dine born,
frelste ut or mørker og inn i ditt underfulle ljøs.

Jula og openberringstida:

- i han har du openberra din herlerdom i verda, så ljøset skin i hjarto våre.

Fastetida:

- han som elska oss og gav seg sjølv for oss,
så han vart lydig inntil døden, ja døden på krossen.

Skjærtorsdag:

- han er det levande brødet som kjem ned frå himmelen og gjev verda liv,
så den som kjem til han aldri skal svelta, og den som trur på han aldri skal tyrsta.

Påsketida:

- han er det sanne påskelam, som ved sin død gjorde døden til inkjes, og ved si
oppstode gav oss det evige livet.

Kristi himmelfartsdag og Treeiningsundag:

- han som for opp til himmelen og no trunar ved di høgre hand
og alltid går i forbøn for oss.

Pinse:

- han som vart opphøgd til di høgre hand
og tok imot Den Heilage Ande som han har utrent over oss.

Treeiningsstida:

- han som du sende til frelse for verda, for at vi ved hans død skulle få forlating
for syndene, og ved hans oppstode vinna det evige liv.

Sams avslutning

Ved han lovsyng englane din herlegdom,
og di kyrkje i himmelen og på jorda
prisar namnet ditt med samrøysta lovsong.
Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

18. Sanctus:

K: Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot,
All jorda er full av din herlegdom, Hosianna i det høgste.
Velsigna vere han som kjem, i Herrens namn.
Hosianna i det høgste.

19. Eukaristibøn

P: Ja heilag er du, Herre, som har skapt himmel og jord,
og med dei himmelske hærskarane vil vi lovprisa deg.
Utan ende er di miskunn og evig er ditt herrevelde.
Du skapte mennesket i ditt bilete,
og jorda gav du oss i varetekt for at vi skulle tena deg.
Då vi synda mot dine bod forkasta du oss ikkje for alltid.
Med Abraham skipa du di pakt
og lova alle ætter på jorda di velsigning.
Så høgt har du elska verda at då tida var fullkomen,
sende du din einborne Son,
han som oppfylte din vilje og vann deg eit heilagt folk.
Han var lydig til døden, ja døden på krossen.
På den tredje dagen stod han opp frå dei døde og gav verda liv og lækjedom.
Og for at vi ikkje lenger skal leva for oss sjølve,
men for han som døydde og stod opp for oss,
sende han frå deg, Fader, barnekårets Ande.

Derfor bønfell vi deg:

Velsigna oss med all Andens velsigning.
Helga ved din Ande dette brødet og denne vinen
at dei på ditt ord og din lovnad må bli vår Herre Jesu lekam + og blod,
han som baud oss å feira dette måltidet.

(Timen var komen, då du, heilage Far, ville herleggjera han, og slik han hadde
elska sine eigne som var i verda, såleis elska han dei heilt til enden.)

For, i den natta han vart sviken,
tok han eit brød, takka deg, braut det, gav læresveinane og sa:

TAK DETTE OG ÉT DET,
DETTE ER MIN LEKAM SOM VERT GJEVEN FOR DYKK.
GJER DETTE TIL MINNE OM MEG.

Likeeins tok han kalken etter måltidet, takka, gav dei og sa:

DRIKK ALLE AV DEN.
DENNE KALKEN ER DEN NYE PAKT I MITT BLOD,
SOM VERT UTRENT FOR DYKK OG FOR DEI MANGE
TIL FORLATING FOR SYNDENE.
GJER DETTE, SÅ OFTE SOM DE DRIKK AV HAN,
TIL MINNNE OM MEG.

P: Trua sitt mysterium.

K: *Anten:* Din død forkynner vi, Herre,
og di oppstode lovprisar vi
inntil du kjem.

Eller: Kristus døydde,
Kristus stod opp,
Kristus skal koma att.

Anten:

P: Miskunnsame Far,
vi står for di åsyn
med dette brødet og
denne kalken, og bed
deg: Sjå ikkje på våre
synder, men kom Son
din ihug, han som elska
oss og gav seg sjølv for
oss som ei gåve og som
eit offer, deg til ein
hugnadleg ange. I trua
på hans oppstode
forkynner vi at han skal
koma att i herlegdom.

Eller:

P: Heilage Far,
med dette brødet
og denne kalken kjem vi
ihug for di åsyn at Son
din leid og døydde til vår
frelse.
Han er det sanne offer-
lammet som elska oss,
og med sitt blod fridde oss
frå våre synder.
I trua på hans oppstode
forkynner vi at han skal
koma att i herlegdom.

Eller:

P: Heilage Far,
med dette brødet og denne
kalk påminner vi deg om
at Son din leid og døydde
for vår frelse.
I trua på hans oppstode
forkynner vi at han skal
koma att i herlegdom.

K: Amen, ja kom, Herre Jesus.

20. Avsluttande lovprising.

P: Vi bed deg:

Anten:

Gjev oss som tek imot Kristi lekam og blod å bera fram lekamen vår
som eit levande og heilagt offer som er til hugnad for deg.
Vara oss i Andens einskap i den freden som bind saman.
Hald di verjande hand over biskopen vår ..., prestane og diakonane våre og
alle dine tenarar.
Unn oss - med Guds mor, den sæle Maria møy, med patriarkar og profetar,
med apostlar og martyrar - å få del i den arven dei heilage får i ljuset.
Kom ihug alle som er døde i Kristi fred, (særleg ...NN).
Deira tru kjenner du åleine.
Gi dei ein bustad i ljuset og gi dei evig glede.
Lytt i nåde til bønene frå dei du her samlar om ditt altar.
Sameina bønå vår med bønene frå di kyrkje i himmelen og på jorda,
og med forbønå frå Kristus, vår store øvsteprest, som alltid bed for oss,
til dess han kjem med siger, som Herren over alle ting.

Ved han og med han og i han,
skal du allmektige Fader, i eining med Den Heilage Ande,
ha all ære og herlegdom, no og alltid og i all æve.

K: Amen.

Eller:

Gjev oss som tek imot Kristi lekam og blod,
å samlast til eitt i Den Heilage Ande,
så vi saman med alle dine heilage
- fremfor alt Guds mor, den sæle Maria møy,
apostlane og martyrane
(og dei heilage...som vi idag feirar minnedagen for) –
kan få arve det evige livet i ditt rike.
Gjev oss med heile di kyrkje einskap og fred,
så vi alle med éi røyst kan lovsynge ditt heilage namn,
Fader, Son og Heilag Ande,
no og alltid og i all æve.

M: Amen.

21. Fader vår.

P: *Anten:*

I Den Heilage Ande og saman
med heile ditt folk,
vågar vi å be den bøna Son din
sjølv har lært oss:

Eller:

P: I tillit til Herrens bod og
vegleiing ber vi :

K: Fader vår,
du som er i himmelen,
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda så som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød.
Forlat oss vår skuld, som vi òg forlet våre skuldmenn.
Før oss ikkje ut i freisting, men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt, og makta og æra i all æve.
Amen.

Fractio

22. Agnus Dei

K: Du Guds Lam, som ber all verdsens synder, miskunna deg over oss.
Du Guds Lam, som ber all verdsens synder, miskunna deg over oss.
Du Guds Lam, som ber all verdsens synder, gjev oss din fred.

P: Sjå Guds lam, sjå han som ber verdsens synder.
Sæle er dei som er bedne til bryllaupsmåltidet åt Lammet.

K: Herre, eg er ikkje verdig at du går inn under mitt tak,
men sei berre eitt ord, så vert sjela mi lækt.

23. Altergang *Evt. salme.*

24. Tilseiingsord

P: Den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus,
som no har gjeve dykk/oss sin heilage lekam og sitt dyre blod,
som han gav til soning for alle dykkar/våre synder,
han styrkje dykk/oss og halde dykk/oss oppe i ei sann tru til det evige liv.
Fred vere med dykk.

M: Amen.

25. Takkekollekt for nattverden

P: Vi takkar deg, Herre allmektige, evige Gud,
fordi du har kveikt oss med dine sæle gåver.
Vi bed deg at du ved desse gåvene dine vil styrkja trua vår på deg,
gjere kjærleiken brennande mellom oss
og stadfesta i oss vona om det evige liv,
for Son din, Jesu Kristi, vår Herres skuld.

K: Amen.

UTSENDING

26. Velsigninga

P: Herren vere med dykk.

K: Og med di ånd.

P: Herren velsigne deg og vare deg,
Herren la sitt ansikt lysa over deg og vere deg nådig,
Herren lyfte si åsyn på deg og gjeve deg fred.

K: Amen.

D/P: Messa er til endes. Gå i fred.

K: Gud vere lova.

27. Uttog med salme.